

Budsjett 2019 Voss herad skisse Sv, Sp og AP

Innleiing

Me registrere at me har eit svært stramt budsjett og at for å sikra investeringar i framtida, må me halda tilbake på drifta. Trass i dette er det både driftstiltak og investeringar som me ønskjer å prioritera. Dette handlar om nokre få tiltak, som løyser viktige oppgåver.

Drift

Helse vert styrka med 300 000 for halde oppe legekontoret i Granvin

Oppvekst vert styrkt med 500 000 for å få etablert mellombels barnehage på Bolstad. (900 000 for 2021)

Det vert sett av 500 000 for å fasa ut barnetrygd som ein del av inntektsgrunnlaget for sosialhjelppsmottakarar.

Det vert sett av 60 000 for å delta i Klimapartner-Vestland

Det vart sett av 80 000 i samband med etablering av desentralisert høgskuletilbod på Voss

Det vert sett av 500 000 til universell utforming

Etablerarlos – vert tatt inn i budsjettet med 300 000

Finansiering:

Reduksjon digitalisering i driftsbudsjettet med 500 000

Reduksjon overføring til kontrollutvalet i driftsbudsjettet med 500 000

Reduksjon i avsetting til ubunde fond 1240 000

Investeringar:

Me legg til grunn at både investering på Vangen skule og Voss Ungdomsskule startar opp i 2020. Rådmann må koma attende ila 2020 om auka ramme.

Det vert lagt opp til investering i Bolstad barnehage for ein mellombels barnehage.

Bolstad barnehage 2 500 000 – finansiert med fondsmidlar

Verbalframlegg

Bokbussen:

Bokbussen er ein stor suksess. Han er mykje brukt, utlåna er store, og han er viktig for å auka leselysta blant elevane. Slik har det vore i mange år. Det har også vore gjort mange budsjettvedtak opp gjennom åra om at bokbussen skal halda fram. Dette står fast, bokbussen er ei teneste me skal verna om.

Dagens buss er gammal, men vil kunna halda ei tid til. Voss heradsstyre vil ved neste handsaming av økonomiplanen vurdera når innkjøp av ny buss skal inn på investeringsbudsjettet.

Permanent barnehage i vest:

Heradsstyret ber om at det vert greidd ut framtidig barnehageløysing vest for sentrum.

Heiltidskultur:

Voss herad skal etablira ein heiltidskultur. Heradsstyret ber rådmann om å orientera om konkrete tiltak som vert sett i verk i løpet av 2020.

Lærlingar og praksisplassar:

Voss herad har potensial til å få langt fleire lærlingar. Rådmann vert beden om å orientera heradsstyret i løpet av 2020 om kva som er gjort for å få fleire lærlingar og praksisplassar samt planane for 2021.

Livssynsnøytralt seremonirom:

Det skal vurderast korleis eksisterande bygg kan nyttast som plass for livssynsnøytralt seremonirom

Barnehage i Granvin:

Plassering må vedtakast i eiga sak i Voss herad.

Private barnehagar:

Dei private barnehagane er finansiert på grunnlag av kommunen sine rekneskapstal to år tilbake i tid, noko som gir store utfordringar på grunn av bemannings- og kompegansereforma, som dei ikkje har fått finansiert, men krav om å gjennomføra. Rådmann vert beden om å greia ut kor mykje midlar som må til for å dekke opp etterslepet.

Finansieringsordningar for ressurskrevjande brukarar og private barnehagar:

Mykje tyder på at den statlege finansieringa av tiltak overfor ressurskrevjande brukarar og til finansiering av private barnehagar er sterkt underfinansiert. Heradsstyret ber om notat om korleis finansieringsordningane for ressurskrevjande brukarar og private barnehagar påverka Voss herad sitt budsjett. På grunnlag av dette vil Voss herad ta initiativ overfor statlege styremakter med mål om å retta opp denne underfinansieringa.

Heilskaplege tenester:

Voss herad har ein overordna strategi der folk skal kunne bu heime så lenge som mogleg. For å få det til på ein god og trygg måte må det og vera ein strategi for korleis kommunen legg til rette for at dette skal vera mogleg. God samordning mellom ulike kommunale tenester er avgjerande i så måte.

Eingongstiltak finansiert via fond:

Det vart sett av 500 000 i eigen klimapott

Kommunale vegar 1 000 000

Tinghusplassen 1 000 000